

## **Ny teneste for samkøyring i Øygarden og Askøy kommer på besøk på Askøy videregående skole fredag 22. september 2023.**

Bilistar i Øygarden og Askøy kan no tene pengar ved å tilby samkøyring på ruter dei vanlegvis kører til for eksempel skule. For passasjerar med periodebillett eller som skal reise mindre enn 10 kilometer er det heilt gratis å sitte på (sjå detaljert prisinformasjon lenger ned i saka).



Samkøyring er betre for miljøet og for alle som reiser, anten dei reiser kollektivt eller med bil. Og det kan gjere reising enklare i område der det ikkje alltid passar å reise med buss. På fredag kommer nabogo på besøk og hjelper alle interesserte å registrere ein bruker.

### **Korleis fungerer det?**

Den nye samkøyringstenesta er mogleg takka vere eit samarbeid mellom Skyss og Nabogo, eit selskap som jobbar for å gjere det enklare å køyre saman i kvardagen. Nabogo gjer det mogleg for sjåførar å tilby skyss til reisande på ruter som startar eller stoppar i Øygarden eller Askøy.

Både passasjerar og sjåførar må laste ned Nabogo-appen og opprette ein brukarkonto.

### **Prisar**

Med periodebillett (ungdomsbillett, 7-, 30-, eller 180-dagersbillett): Gratis!

Utan periodebillett: Første 10 kilometer gratis, deretter 1 kr pr kilometer.

Merk at sjåføren alltid får minimum 15 kr per passasjer, for de første 10 km, deretter 1 kr. pr. kilometer.  
Betaling skjer via appen til Nabogo.

**Les meir på <https://nabogo.com/no/app/>**